

VA-RAMMEPLAN

Detaljreguleringsplan for deler av Gnr. 40 og 41, Haugland Nord

Austevoll kommune

Planid: 20170006

Saksnr.: 17/1011

Prosjektnummer: 1328

Siste revisjon av VA-Rammeplanen: 05.05.2023

1. Innleiing

Vatn og avløpsplanen (rammeplan) er utarbeida i forbindelse med detaljreguleringsplan på Haugland nord. Planen omfattar korleis vatn og avløp blir handsama i utbyggingsområdet. Rammeplanen skildrar noko av eksisterande infrastruktur, og kva som må gjerast for å handtere heile utbygginga. Det er veldig lite eksisterande infrastruktur, da store deler av område er ubebygd. Reguleringsplanen legger opp til å etablere tilsaman 29 bueiningar innanfor planområdet. Ved å bruke ein generell regel at kvar bueining er 5 PE (personequivivalent), blir den totale PE verdien på $(29 \cdot 5)$ 145. Dette tar høgde for maksimal utnytting av området. Dei reelle tala vil mest sannsynleg vere annleis.

Rammeplanen er rettleiande. Kommunen kan godkjenne andre plasseringar på leidningsnettets enn det som er synt i VA-kartet dersom dette er vurdert til å vere ein betre løysing. Videre kan dimensjonane på leidningsnettets og plassering/tal pumpekummer endrast dersom dette er vurdert som naudsynt.

2. Vatn og avløp

Det er lagt vatn- og avløpsleidningar langs eksisterande vegtrase inn til planområdet.

Vatn:

Det må etablerast nye vassleidningar frå offentleg vassforsyning som har kapasitet til å handtere heile utbygginga. I dag er det etablert 160mm vassleidning frem til tomt BFS4. Nye bustadtomter må kople seg på denne vassleidningen.

Avløp:

Det må etablerast avløpsnett med slamavskiljar med vidare utslepp til sjø. Felles slamavskiljarar skal etablerast innanfor planområdet. I dag er det ein eksisterande slamavskiljar innanfor felt BAV1. Denne er stor nok til å handtere deler av utbygginga, men ikkje heile. Derfor er det satt av til saman tre felt for slamavskiljarar (BAV1-3).

Rammeplanen legger opp til fleire alternativ for avløp:

Alternativ 1: Resterande bustadtomter kople seg til en stor felles slamavskiljar på BAV2, som knyter seg til eksisterande avløpsleidning til sjø.

Det må etablerast tre pumpekummer:

- Utanfor BFS17, med selvfallsledning frå tomt BKS5 og BFS13-17 frem til pumpekummen, som pumper avløpet vidare til BAV2.
- Utanfor BFS11, med selvfallsledning frå tomt BFS8-11 frem til pumpekummen, som pumper avløpet vidare til BAV2.
- Innanfor BFS12, med selvfallsledning fram til pumpekummen innanfor tomten, som pumper avløpet vidare til enten BAV1.
- Innanfor BKS5, med selvfallsledning fram til pumpekummen innanfor tomten, som pumper avløpet vidare til enten BAV1 eller BAV2

Alternativ 2: Resterande bustadtomter koplar seg til slamavskiljar innanfor BAV2 og BAV3.

Dersom det etablerast ein slamavskiljar innanfor BAV3 vil denne få en egen utsleppsleidning i sjø. Denne slamavskiljaren skal handtere tomt BKS5 og BFS13-17. Det vil ikkje vere nødvendig med pumpekum utanfor BFS17, og innanfor BKS5. Pumpekum utanfor BFS11 skal etablerast slik som i alternativ 1.

Det er og mogleg med en kombinasjon av alternativ 1 og 2. Bustadtomter som ikkje er nemnt i alternativ 1 eller 2 skal ha selvfallsledning frem til nærmaste slamavskiljar.

3. Lokal forskrift for bruk av mindre avløpsanlegg


Planområdet og nærliggande sjøareal ligg innanfor kvit sone for lokal forskrift for mindre avløpsanlegg. Dette vil si at det ikkje er noko krav til reinsing av utslepp, så lenge utsleppet førast i lukka leidning til minimum 10 meters djupne i god sjøresipient via slamavskiljar. Vidare må ein følgje krava i § 5 i lokal forskrift for avløpsanlegg, som setter krav om til dømes størrelse på anlegg og kor ofte det skal bli tømt.

§10 i lokal forskrift omtalar særskilde føresegner. Denne er spesielt relevant for utslepp som kjem i konflikt med fiskeri- og akvakulturinteresser, og Austevoll kommune kan stille strengare krav dersom utslepp er tett attmed oppdrettsanlegg eller låssettingsplasser for fisk. Det er registrert ein låssettingsplass for fisk i sjø tett attmed eksisterande og foreslått utsleppsleidning i sjø. Dette betyr at det kan vere aktuelt å sette strengare krav til utslepp i dette området.

Djupna i sjøen vest utanfor låssettingsplassen ligg på ca. 30-40 meters djupne (figur 1). Dette er godt innanfor kravet til 10 meters djupne, og utanfor låssettingsplassen.

Området vest for låssettingsplassen er vurdert til å ha god sjøresipient sidan: området har ein djupna på 30-40 meter, det ligg innanfor kvit sone i lokal forskrift for avløpsanlegg og topografien tilseie at området er opent.

Ved strengare krav til utslepp kan det vera aktuelt å opparbeide eit minireinseanlegg, klasse 1 (biologisk & kjemisk reinsing). Dermed treng ein kunn å føre utsleppsleidningen til sjø, sidan avløpsvatnet som kommer frå eit minireinseanlegg klasse 1 i utgangspunktet er heilt reint.



Figur 1: Utklipp som syner registrert låssettingsplass i rødt, og djupna i sjø.

4. Forureiningslova og forureiningsforskrifta

Utslepp skal handsamast etter forureiningslova § 11 og forureiningsforskrifta kapittel 12 og/eller 13.

Forureiningslova

Forureiningslova § 11 gjeld særskilt løyve til forureinande tiltak, og første ledd seier:

Forureiningsmyndigheten kan etter søknad gi tillatelse til virksomhet som kan medføre forurensning. Forureiningsmyndigheten kan i særlige tilfeller gi tillatelse uten at det foreligger søknad, og i slik tillatelse gi pålegg som trer i stedet for vilkår etter § 16.

Forureiningslova § 11 fjerde ledd seier:

Forureinings spørsmål skal om mulig søkes løst for større områder under ett og på grunnlag av oversiktsplaner og reguleringsplaner. Hvis virksomheten vil være i strid med endelige planer etter plan- og bygningsloven skal forureiningsmyndigheten bare gi tillatelse etter forureiningsloven med samtykke fra planmyndigheten.

Forureinings spørsmålet blir skildra i rammeplanen for vatn og avløp etter gjeldande kommunale forskrifter (punkt 3), og forureiningsforskrifta (nedanfor).

Forureiningsforskrifta

Forureiningsforskrifta kapittel 11 vedlegg 1 punkt 1.2 plasserer planområdet innanfor kvit sone, dvs. mindre følsame område.

Forureiningsforskrifta § 12-1 gjeld utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustad, hytter ol. Med utslepp mindre enn 50 pe. Dette vil vere aktuelt for mindre nye og eksisterande anlegg som ønsker å kople seg på felles utsleppskum, eller med egen utsleppsleidning.

Forureiningsforskrifta § 12-6 gjeld lokal forskrift som kommunen kan fastsette. Den lokale forskrift for avløpsanlegg i Austevoll er skildra i punkt 3.

Forureiningsforskrifta § 13-1 gjeld utslepp av kommunalt avløpsvatn frå tettbebyggelse med samla utslepp mindre enn 10000 pe til sjø. Dette vil vere aktuelt ved tilkopling til ny felles slamavskiljarar som må opparbeidast og plasserast som vist i VA-rammeplankartet. Denne må søkast i samsvar med § 13.

5. Overvasshandtering og flaumveger

Overvatn må drenerast til omkringliggende terreng eller sjø.

Det er ikkje elver eller bekker som fører til stor vasstilførsel frå land. Utbygginga bygger heller ikkje ned eksisterande flaumveger.

AVA har tidlegare uttalt at dei absolutt ikkje ønsker at overvatn skal drenerast til deira leidningssystem da dette vil føre til unødvendige kostnader, slitasje og dårlegare reinsing av avløpet. Derfor blir det et krav å lede overvatn ut i sjø og til omkringliggende terreng.

6. Sløkkevatn for brann og redningstenesta

Her må det etablerast nye brannkummar innanfor planområdet. Brannkummane skal kople seg på 160mm vassleidning. Avstanden mellom brannkummar og bustadtomter skal maksimalt være 80 meter.

Vegsystemet er teikna slik at ein brannbil skal kunne komme til. Brannvesenet har ein tankbil med store mengder sløkkevatn som kan komme seg fram til dette området.

Ved eventuelt avvik frå forskrifta om avstand mellom brannobjekt og brannkum, krevjast det løyve frå Austevoll brannvesen. Dette skal da komme med i VA planen som skal vere klar før byggeløyve til bustadtomtene.

7. Krav

- VA-planen skal følge VA-normen som er vedtatt i Austevoll kommune. Jf. Politisk vedtak 007/16.
- Slamavskiljar større enn 50 pe må søkast i samsvar med § 13 i forureiningsforskrifta.
- Nye ledninger som blir lagt i bakken skal innmåles før de dekkes til.
- Eventuelt løyve frå Austevoll brannvesen om dagens og framtidig løysing for sløkkevatn.